

BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP.

Arkivkode: 365.00

Dato: 19/11-08

Saksnr: 200803477 -043

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Oslo 17.11.08

HØYRINGSUTTALE

Norges Bygdekvinnelag (NBK) viser til høyringsnotat av 18.08.08 vedrørende Barne- og likestillingsdepartementet sitt forslag til endring av likestillingslova § 4 – forbod mot å spørja om graviditet.

Norges Bygdekvinnelag meiner det er rett å styrke vernet av gravide ved å lovfeste eit forbod mot å spørja om graviditet og familieplanlegging i ein tilsettingsprosess. Det vil vera klargjerande at ein får eit eksplisitt forbod uttrykt i lovteksten.

Vi meiner også at spørsmål om sivilstatus og antal barn skal omfattast av eit lovforbod. Så lenge ein arbeidstakar er kvalifisert til ei stilling, skal det ikkje tale mot henne/han kor mange barn og/eller kva for sivilstatus vedkomande har.

NBK støttar difor alle forslaga til endringar.

Vi takkar for tilliten som høyringsinstans.

Vennleg helsing
NORGES BYGDEKVINNELAG



Kathrine Kleveland
leiar

Norges Bygdekvinnelag er ein kvinneorganisasjon med 15200 medlemmar fordelt på 18 fylkeslag og 540 lokale lag. Bygdekvinnelaget er ein partipolitisk nøytral organisasjon med formål å ivareta bygdekvinnene sine økonomiske, sosiale og kulturelle interesser.